

## KOMMISJONSDIREKTIV 2001/6/EF

2002/EØS/12/36

av 29. januar 2001

**om tredje tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 96/49/EF om tilnærming av lovgjevinga i medlemsstatane om jarnbanetransport av farleg gods(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 96/49/EF av 23. juli 1996 om tilnærming av lovgjevinga i medlemsstatane om jarnbanetransport av farleg gods<sup>(1)</sup>, sist endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/62/EF <sup>(2)</sup>, særleg artikkel 8, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Vedlegget til direktiv 96/49/EF inneheld reglementet for internasjonal jarnbanetransport av farleg gods, vanlegvis kalla «RID», slik det gjeld frå 1. juli 1999.
- 2) RID vert ajourført annakvart år og følgjeleg tek ei ny utgåve til å gjelde 1. juli 2001, med ein overgangsperiode inntil 31. desember 2002, bortsett frå for farleg gods i klasse 7 (radioaktivt materiale), som har ein overgangsperiode som går ut 31. desember 2001.
- 3) Det er difor naudsynt å endre vedlegget til direktiv 96/49/EF.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegnen frå Utvalet for transport av farleg gods, som er nemnt i artikkel 9 i direktiv 96/49/EF —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkel 1*

Vedlegget til direktiv 96/49/EF skal lyde:

*«VEDLEGG*

**Reglement for internasjonal jarnbanetransport av farleg gods (RID), som er vedlegg I til tillegg B til COTIF, slik det gjeld frå 1. juli 2001, med den**

**føresetnaden at «stater som har undertegnet» og «statene eller jernbanene» vert bytte ut med «medlemsstat».**

*NB!* Den konsoliderte teksta i 2001-utgåva av RID vil verte kunngjort så snart teksta ligg føre på alle dei offisielle språka til Fællesskapet.»

*Artikkel 2*

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 31. desember 2001 for farleg gods i klasse 7 og innan 31. desember 2002 for farleg gods i andre klassar. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

*Artikkel 3*

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

*Artikkel 4*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 29. januar 2001.

*For Kommisjonen*  
Loyola DE PALACIO  
*Visepresident*

(\*) Denne fællesskapsrettsakta, kunngjort i TEF L 30 av 1.2.2001, s. 42, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 76/2001 av 19. juni 2001 om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa nr. 44 av 6.9.2001, s. 21.

<sup>(1)</sup> TEF L 235 av 17.9.1996, s. 25.

<sup>(2)</sup> TEF L 279 av 1.11.2000, s. 44 .